
Fra: Tove Mette Arnø Fyllingen
Sendt: 21. januar 2016 09:30
Til: Ordfører Fedje; Per Lerøy; Karstein Totland; Tom Kristian Thorsen;
'hallvard.oppedal@gulen.kommune.no'
Kopi: LI-Formannskapet; Jarle Næss; Liv Berit Haukås; Ørjan Raknes Forthun
Emne: Intensjonsavtale for utsending
Vedlegg: Forslag til intensjonsavtale-ver20012016.docx; Forslag til
intensjonsavtale-ver20012016.pdf

Hei
Vidaresendar på vegne av ordfører Astrid Aarhus Byrknes.

Med helsing
Tove Mette Fyllingen
avdelingsleiar
Tlf: 47 46 41 45
Post: ftm@lindas.kommune.no

Gode kollegaer.

Forhandlingsutvalet for ny kommune bestående av Radøy, Meland og Lindås er no i sluttfasen med sin intensjonsavtale.

Vi har 1 møte igjen neste veke, og då tek vi sikte på å ha avtalen ferdig til signering for å så å ta den opp i kommunestyra og ut på "høyring" av ulik art i kommunane.

Avtalen ligg ved i denne mailen både i word og pdf format.

Eg er bedt om frå forhandlingsutvalet om å sende denne til dykk, for om mogleg at de andre vil slutte dykk til vår avtale.

Avtalen er overordna og prinsipiell, men allikevel visjonær og framtidsretta.

Det som er hovedoverskrifta er at alle planar i våre kommunar (skulebruksplan/kommunedelplan skule, helse og omsorg, klima og miljø, kommuneplan, samfunnsdelen etc..etc..) skal gjelde i den nye kommunen fram til nye planar vert vedteke. Gjeldande struktur og desentraliserte tenester er difor som før, og for oss er det viktig med nærleik til tenestene og utvikling av nærsentra / lokalsentra i den nye kommunen.

Få regionrådet i nov 15 har vi eit vedtak :

Vedtak:

Kommunereformprosessen i Nordhordland vidare - råd frå Regionrådet 19. november 2015.

1. Regionrådet ber om at reformprosessen i sør (Lindås, Meland, Radøy) og i nord (Gulen og Masfjorden) vert gjennomført så raskt så mogeleg innan midten av februar 2016.
2. Det store Nordhordlandsalternativet vert vurdert på nytt frå februar til april med bakgrunn i dei avtalar som er forhandla fram - og avklaring av ytre forhold som inntektssystem og meir - og avhengig om nokon vil slutta seg til de alternativa (nord og sør) som er forhandla fram.
3. Regionrådet brukar resterande midlar mottatt frå fylkesmannen til å førebu sluttforhandlingar om sør- og nordalternativet og / eller bistår kommunane i sitt reformarbeid fram til mars.

Vi tenkjer at det difor no er tid for å sjå om der er andre kommunar som vil slutte seg til vår avtale og vere med vidare.

Lindås kommunestyre har vedtak på at vi ynskjer ein reform der flest mogleg kommunar er med i ein stor nordhordlandskommune.

Vi håper de vil sjå positivt på vår avtale i 3 kommuneløpet, og her er rom for å gjere dei naudsynte endringer slik at avtalen også passar for fleire kommunar. Fleire prosjekt under samfunnsutvikling kan t.d kome med , her er moglegheiter.

Fint om vi til Nordhordlandstinget kunne fått ei tilbakemelding, slik at vi alle veit kor vi står framover då tida er knapp.

Beste helsing og på vegne av 3 kommuneløpet

Astrid Aarhus Byrknes